

Statsministerens kontor
Postboks 8001 Dep.
0030 Oslo

Dato: 03.05.2016
Vår ref.: 2014/18069-43
Saksbehandlar: hanglop1
Dykkar ref.:

Hordalandsbenken på Stortinget

Omstillingsutvalet i Hordaland sine innspel til handsaminga av revidert statsbudsjett 2016

Hordaland fylkeskommune har oppnemnd eit omstillingsutval med to representantar frå LO, to frå næringslivet/NHO, ein frå Innovasjon Norge (IN), ein frå NAV, ein frå kommunane og to frå fylkeskommunen for å arbeida med omstilling i petroleumssektoren. Mandatet til omstillingsutvalet var å utarbeide ein strategi med prioriterte innsatsområde, basert på innspel frå næringsliv, arbeidstakarorganisasjonar, verkemiddelapparat og politisk miljø. Denne strategien er grunnlag for arbeidet som skal leggje til rette for at det vert gjennomført konkrete tiltak og prosjekt for å lette den strukturelle omstillinga.

Omstillingsutvalet skal også ta kontakt med sentrale styresmakter, og arbeide saman med desse, for å koordinera den regionale verkemiddelbruken og diskutere tiltak knytt til rammevilkåra for bransjen. I den samanheng vert det vist til brev til Statsministens kontor, datert 17.02.2016, der det vert skissert rammer for eit møte med politisk leiing i mai 2016.

Etter førespurnad frå Hordalandsbenken på Stortinget og som fylgje av situasjonen for næringslivet på Vestlandet, ynskjer omstillingsutvalet å gjere regjeringa og partia på Stortinget merksame på fleire prosjekt og tiltak som kan bidra positivt til å dempa dei negative konsekvensane av aukande arbeidsløyse. Dette er tiltak som både vil bidra til å behalda verdifull kompetanse i næringa, og tiltak som vil bidra til å omstille verksemder og tilsette som må over i andre bransjar.

1. Tiltak for å behalda verdifull kompetanse i leverandørindustrien

Nedgangen i petroleumssektoren har ført til masseoppseiingar i leverandørindustrien, og næringa er i ferd med å mista spisskompetanse som er avgjerande for framtidig utvikling av norsk petroleumsindustri. Denne kompetansen er det strategisk viktig å behalda når stadig meir krevjande områder av norsk sokkel skal byggjast ut og vedlikehaldast. Modernisering av Mongstad-raffineriet og auka aktivitet knytt til nye og gamle oljebrønner er viktige tiltak i denne samanheng.

1.1 Modernisering av Mongstad-raffineriet

Statoil ynskjer å oppretthalda Mongstad som eit konkurransedyktig raffineri i europeisk samanheng, men oljeselskapet har utsett investeringar på seks milliardar kroner for å modernisere anlegget og gjera det klart for å ta imot olje frå gigantfeltet Johan Sverdrup. Raffineriet feira 40-årsjubileum i fjor og leverte dette året eit rekordhøgt driftsoverskot på tre milliardar kroner. No når kostnadene i bransjen er redusert, samstundes som det er aukande arbeidsløyse i bransjen, vil det vera gunstig å framskunda den utsette investeringa som skal modernisera raffineriet.

1.2 Boring av nye- og plugging av gamle brønner

Det internasjonale energibyrådet (IEA) ser teikn til betring av oljemarknaden. Som ein konsekvens av dette bør det setjast i gong aktivitet knytt til klargjorte brønner og oljefelt som er mellombels utsett på grunn av innsparingar. Fleire feltnære utbyggingar i strukturar med olje manglar i nokre tilfelle svært lite for å få produksjonen i gang. Boring av nye brønner vil gi ny aktivitet, og det er eit samfunnsansvar å få opp olja

som ligg der. Fleire av desse utbyggingane er også lønsame med dagens oljepris. Særleg er det viktig at Johan Castberg vert bygd ut som planlagt i tråd med Norsok-standardane og tilhøyrande norsk innhald.

Olje- og energidepartementet bør også utarbeide ein oversikt over kor mange brønningar på norsk sokkel som er forlatne, eller mellombels forlatne. Ei undersøking i 2011/2012 rapporterte om 193 mellombels forlatne brønningar, nokre av dei så lenge som 30 år. I dag er det ikkje noko offentleg tilgjengeleg oversikt over forlatne brønningar. Dette er urovekkjande, særleg med tanke på det som skjedde i etterkant av Deepwater Horizon-ulukka i Mexicogolfen. Dersom det vert sett i gang tiltak for å få oljebransjen til å plugga fleire brønningar, vil dette også få opp aktivitetsnivået på sokkelen og avgrensa arbeidsløysa.

1.3 Vedlikehald og modifikasjonsarbeid

I perioden frå 2014 til i dag har Statoil og dei andre store oljeselskapa på norsk sokkel kuttet kraftig i kostnadene til vedlikehald og modifikasjonsarbeid (V&M). For leverandørindustrien er effekten av kostnadsuttaket forsterka av lågare oljepris. No kan det sjå ut som om kostnadene i bransjen er kome ned på eit berekraftig nivå, og då er det viktig med politiske signal til oljeselskapa om at det må lysast ut nye V&M-kontraktar for å få bukt med vedlikehaldsetterslepet som har oppstått. Dette vil også gje positiv effekt i form av nye arbeidsplassar i ein bransje som dei to siste åra har gjennomført store nedbemanningar.

2. Fornyng av ferjeflåten

Snittalderen på ferjene i Hordaland er over 25 år, og i fleire ferjesamband er det stort behov for betre ferjemateriell. Utrangerte ferjer fører til store problem for næringslivet på Vestlandet, og dei reisande har i ei årrekke opplevd vanskar med ventetid, innstillingar og trøbbel med regularitet på grunn av gamle ferjer. Langs Vestlandet står det i dag litt for ofte fullasta trailerar med sjømat og ventar på ei ferje som ikkje kjem. På Vestlandet er ein no i gang med ein ny anbudsrunde som skal fornya ferjeflåten. I den samanheng har Stortinget bestemt at alle nye offentlege ferjekontraktar skal stille krav om lav- eller nullutslepp. I så måte er det svært positivt at Enova gir Hordaland fylkeskommune 274 millionar kroner i støtte til landanlegg for ferjer med lave utslipp av klimagassar. Men ny teknologi på land vil medføre auka kostnader til sjøs, og då er det viktig at det i revidert statsbudsjett kjem på plass ein eigen finansieringsmodell som gjer at nye ferjer blir tilpassa auka kostnader knytt til nye miljøkrav.

3. Nye kystvaktfartøy og vedlikehald av fregattar

Det er planar om å endra prosjektet «Nytt ytre kystvaktfartøy» frå eitt til tre fartøy i løpet av hausten 2016. Når prosjektet er godkjent av Stortinget vil Forsvarsdepartementet (FD) gi Forsvarsmateriell i oppdrag om å starte anbudsprosessen. Dei nye kystvaktskipa skal handtera både sivil og gradert informasjon, og det skal utførast logistikk og vedlikehald knytt til desse skipa i 30-40 år. Av sikkerheit- og beredskapsgrunnar, og i lys av ein meir spent sikkerheitspolitisk situasjon i Europa, bør dei tre nye kystvaktfartøya byggjast og vedlikehaldast i Norge på skipsverft som allereie er verdsleiande på å byggje høgteknologiske fartøy. På grunn av situasjonen i olje- og gassindustrien er dette eit godt eksempel på ei offentlig anskaffing som kan framskundast for å vidareutvikle vår sterke maritime kompetanse også i ei nedgangstid.

Andre viktige tiltak der Forsvaret kan bidra til å få opp aktiviteten i leverandørindustrien er forlenginga av vedlikehaldsavtalene for fregattane til Marinen. Forsvarets logistikkorganisasjon skal inngå rammeavtale med inntil to leverandører om skipsteknisk vedlikehald av Nansen-klasse fregattar. Rammeavtalen gjeld for fem år, med opsjon for Forsvaret til å forlengje avtalen med inntil to år. Av dei same grunnane som er nemnd over, bør også desse avtalene inngåast med norske verft.

4. Tiltak for å utvikla ny kompetanse

Eit oljesmurt næringsliv har det siste tiåret ført til høg sysselsetting, mangel på arbeidskraft og stor arbeidsinnvandring i Hordaland. No går fylket inn i ein periode med svingande oljeprisar og lågare aktivitet i oljesektoren. Olje- og gasssektoren vil framleis vera viktig for fylket, men redusert aktivitet har auka behovet for å utvikla nye arbeidsplassar i andre næringar og bransjar. Fylgjande tiltak er viktige for å utvikla ny kompetanse:

4.1 Kunnskapskvartal på Sotra

Det er behov for å auka omstillingskapasiteten og legge til rette for nye utdanningstilbod og vekst i dei delane av fylket som er sterkast påverka av endringane i olje- og gass-sektoren. Som døme kan nemnast

eit pilotprosjekt for Sotra-Øygarden-regionen. Denne regionen vil tilby fleksible og relevante utdanningsløp i samhandling mellom alle utdanningsnivå, næringsliv, offentlig sektor og forskingsmiljø. I ein framtidretta utdanningsmodell skal Sotra VGS bli eit sentralt punkt i eit «kunnskapskvartal», som fremjar samspel over organisasjons- og faggrenser, og som også inneheld andre utdanningstilbod, næringsverksemd, forskingsaktivitet, ulike kommersielle tenestetilbod, og bustader. Interessante prinsipp er fleirbruk av areal og integrasjon av ulike funksjoner, og utvikling av ein kultur for kunnskapsutvikling og kunnskapsbruk. Tilbodet skal gi substans til omgrepet «livslang læring» på ein slik måte at det vert tilpassa behovet til verksemdar og enkeltpersonar.

4.2. Regionalt industri-cluster i Sunnhordland

Det er behov for å legge til rette for nye bedrifter, marknader og produkt og utdanningstilbod i dei delane av fylket som er sterkt påverka av endringane i olje- og gass-sektoren. For Sunnhordland har industrien saman etablert Atheno som eit verktøy for å driva og samordna denne utviklinga. Atheno har siste året vore tett på bedrifter og arbeidstakarar som er ramma av nedskjeringar i offshorerelatert industri, og dei sit med førstehandskunnskap om kor skoen trykkjer. Det er etablert teknisk fagutdanning og ingeniørstudie, og det er eit tett samarbeid med næringa om tiltak og strategiske prosjekt. Atheno har lang erfaring med inkubatorverksemd og er svært godt kvalifisert for å utføre desse oppgåvene, men fokus på vidareutvikling og konkrete tiltak krev grunnfinansiering av denne aktiviteten.

4.3 Blått kompetansesenter sør

Vestlandet er ein viktig region for både offshore, maritime- og marine næringar. Forskingsmiljø, universitet og høgskular, og næringslivet i Bergensregionen har jobba med å etablere eit blått kunnskapsenter i Austevoll kommune. Senteret skal samle næringsliv, forskarar og studentar frå maritime- og marine næringar. Forprosjektet til Blått kompetansesenter Sør har vore finansiert av Austevoll kommune, Austevoll kraftlag, Hordaland fylkeskommune, DOF, North Sea Shipping, Sjøtroll og Lerøy, samt Vestland Offshore. Tanken er at eit kunnskapsenter skal legge til rette for kompetanseutveksling mellom kunnskapsmiljø og næringsliv. Et slikt samarbeid er et viktig skritt i arbeidet med å bygge en blå økonomi, men for å få prosjektet realisert er det behov for større grad av statleg finansiering.

4.4 Fullskala anlegg for CO2-håndtering

Regjeringa la i budsjettet for 2015 fram ein strategi for det vidare arbeidet med CO2-handtering (CCS) og tilkjennegav ambisjonar om å realisere minst eitt fullskala anlegg for CO2-handtering innan 2020. Dette arbeidet må framskundast slik at norsk kompetanse innanfor CCS vert vidareført og ledig kapasitet vert utnytta. Eit viktig tiltak i så måte er auka satsing på aktiviteten ved Teknologisenteret på Mongstad (TCM).

4.5 Maritimt Test- og innovasjonssenter på Stord

Wärtsilä har brukt store ressursar på å byggje opp eit senter for «*Electrical & Automation – Testing and Training*». Som følge av utfordringane i bransjen ønskjer no Wärtsilä å endre sitt engasjement i senteret. NCE Maritim CleanTech har tatt på seg oppgåva med å finne fram til nye bruksområde og ny forretningsplan for senteret, og ser for seg moglegheita for å utvikle senteret og gjere det tilgjengeleg for alle bedriftene i klynga og for FoU-institusjonar. Ei slik satsing vil både vere i tråd med NHO sitt forslag om å etablere og utvikle industrielle innovasjonssentre, og SIVA sitt forslag om katapultsentre. Foreløpige utrekingar viser eit investeringsbehov på vel 55 mill. kroner for å få dette til. For å klare dette løftet vil det vere behov for offentleg finansieringsbistand.

5. Klimatiltak

Klimapolitikk må bli god næringspolitikk. Norsk næringsliv har gode føresetnader for å vera i front på klima, men det krev tilrettelegging frå nasjonalt hald. Miljøteknologi må derfor få ein meir sentral plass i næringspolitikken, saman med målretta satsing på forskning og utvikling av ny fornybar energi. I Hordaland er det sett i gang fleire tiltak som kan bidra til dette

5.1 Styrkinga av klyngeprogramma

Fleire aktørar i Bergensregionen ønskjer eit bransjeoverskridande klimaretta arbeid i tilknytning til dei etablerte NCE/GCE/ARENA-klyngjene. Klynger er viktige i utviklingsarbeidet og det er viktig å styrka satsinga på bedriftsnettverk og klynger, for å få til dette. For å få realisert arbeidet er det ynskjeleg med ein målretta tiltakspakke, og styrking av Klimateknologifondet og Miljøteknologiordninga til Innovasjon Norge.

5.2 Forvaltninga av Fornybar AS

I budsjettforliket vart det semje om å opprette det statlige fondet Fornybar AS. Fondet skal over tid få ein forvaltningskapital på 20 milliardar kroner og skal saman med private investera i selskap som utviklar og brukar grøn teknologi. Det er fleire gode argument for å leggja forvaltninga av dette fondet til Bergen. Byen har det største finansmiljøet utanfor Oslo, og dermed også god kompetanse på finansforvaltning. På Vestlandet er det i tillegg fleire verdslaiande næringsklynger innan miljøvenleg produktutvikling i skipsindustrien, fiske- og fiskeoppdrett, undervasssteknologi, meteorologi og klimaforskning.

6. Oppsummering

Omstillingsutvalet vil oppmoda til sterkare politisk styring av oljebransjen. At staten faktisk brukar eigarmakta i Norges største oljeselskap, Statoil, vil truleg løysa fleire av problema som næringslivet på Vestlandet slit med. Det vil også dempa dei negative effektane og avgrensa meirkostnadene som aukande arbeidsløyse vil ha for samfunnet. Omstillingsutvalet håpar avslutningsvis at desse innspela og synspunkta vert teke omsyn til i revidert statsbudsjett.

Med venleg helsing

Anne Gine Hestetun
Fylkesordførar

Anne Kverneland Bogsnes
Fylkesdirektør NAV

Mona Røsvik Strømme
Fylkesutvalet

Astrid Aarhus Byrknes
Ordførar Lindås

Nina Broch Mathisen
Fylkesdirektør Innovasjon Norge

Kurt Andreassen
Direktør CCB Ågotnes

Stian Nyhus
Regionsjef NITO Vest

Roar Abrahamsen
Leiar Fellesforbundet, avd. 5

Lars Solberg
Direktør Apply Leirvik

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Arbeids- og sosialdepartementet, politisk leiing
Klima- og miljødepartementet, politisk leiing
Kommunal- og moderniseringsdepartementet, politisk leiing
Nærings- og fiskeridepartementet, politisk leiing
Olje- og energidepartementet, politisk leiing
Kunnskapsdepartementet, politisk leiing